

**Møteprotokoll**

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	05.09.2022
Tid:	09:00 - 10:10

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leder	SP
Michael Iversen	Nestleder	AP
Ramune Paulauskiene	Medlem	SP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Sørnes	MEDL	FRP
Håvard Gjerde	MEDL	R

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Froestad	Håvard Gjerde	SV
Det lot seg ikkje gjera å få tak i vara for Anita Sørnes		

Andre som møtte**Navn Stilling**

Anita Hesthamar	Rådmann
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor i Deloitte
Annbjørge Ryssdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
--------------	---------	-------------	-------

Godkjenningssaker

GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.06.2022	033	

Politiske saker

PS 24/22	Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad	216	
PS 25/22	Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2022 for Kvam herad	216	
PS 26/22	Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2023	151	
PS 27/22	Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Status i arbeidet ved Deloitte	217	
PS 28/22	Behandling av henvendingar til kontrollutvalet	033	
PS 29/22	Henvending gjeldane båthavn i Tørvikbygd	217	
PS 30/22	Gjennomgang av møteprotokollar	033	
PS 31/22	Eventuelt	033	

Referat saker

RS 14/22	Nytt fra FKT	033	
RS 15/22	Budsjett brev 2022 frå Statsforvaltaren	216	
RS 16/22	Sak HST 14.06.2022 - Tertialrapport 2022, 1. tertial	216	
RS 17/22	Sak HST 14.06.2022 - Tilstandsrapport for barnehage og grunnskulen 2022	217	
RS 18/22	Sak HST 14.06.2022 - Tilstandsrapport barneverntenesta 2022	217	
RS 19/22	Sak i HST 14.06.2022 - Val av kontrollutval - suppleringsval	014	
RS 20/22	Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober	033	

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.06.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 07.06.2022 ligg ved.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 07.06.2022 vart samrøystes vedteke.

PS 24/22 Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte etter sumarferien 2023, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Anita Hesthamar orienterte om status for kommunal økonomisk bærekraft i Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen meinte at neste orientering om dette tema burde leggjast til mai møtet, når årsrekneskap og årsmelding skal handsamast. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om at det er ønskjeleg at det neste gong rådmannen skal orientere om kommunal økonomisk bærekraft også vert orientert om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i mai 2023, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.
3. I denne orienteringa er det ønskeleg at det også vert orientert om status på vedlikehaldsetterslep i kroner på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv.

PS 25/22 Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2022 for Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 14.11.2022 med frist for levering til sekretariatet innan 31.10.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2022 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Silje Fossdal frå Deloitte presenterte revisjonsplan for 2022 og risiko- og vesentlegvurdering for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2022 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 14.11.2022 med frist for levering til sekretariatet innan 31.10.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2022 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 26/22 Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2023 inkludert endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2023 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde greie for forslag til budsjett for kontrollarbeidet for 2023 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom ikkje fram forslag til endringar i møte og det gjer at siste del av punkt 1 i forslag til vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2023.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2023 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

PS 27/22 Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon personalpolitikk og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

PS 28/22 Behandling av henvendingar til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning.
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvam herad med dei endringar som kom fram i møtet.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde greie for saka og gjekk gjennom vegleiaren saman med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning.
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvam herad med dei endringar som kom fram i møtet.

PS 29/22 Henvending gjeldane båthavn i Tørvikbygd

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar henvendinga om båthavn i Tørvikbygd til orientering.
2. Kontrollutvalet tar henvendinga med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.
3. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar henvendinga om båthavn i Tørvikbygd til orientering.
2. Kontrollutvalet tar henvendinga med som eit innspel i arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 som skal føregå hausten 2022.
3. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

PS 30/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

I dette møtet vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 14.06.2022

- Formannskapet 08.06.2022
- Miljø, plan og bygningsutval 07.06. og 21.06.2022

Kontrollutvalet vart samde om at Ramune Paulauskiene tek over ansvar for å gjennomgå møteprotokollar frå møta i heradsstyret etter at Anita Sørnes har gått ut av utvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ramune Paulauskiene tek over ansvar for å gjennomgå møteprotokollar frå heradsstyret etter Anita Sørnes.
2. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 31/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

RS 14/22 Nytt fra FKT

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 15/22 Budsjett brev 2022 frå Statsforvaltaren

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 16/22 Sak HST 14.06.2022 - Tertialrapport 2022, 1. tertial

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 17/22 Sak HST 14.06.2022 - Tilstandsrapport for barnehage og grunnskulen 2022

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/22 Sak HST 14.06.2022 - Tilstandsrapport barneverntenesta 2022

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 19/22 Sak i HST 14.06.2022 - Val av kontrollutval - suppleringsval

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 20/22 Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

Saksprotokoll 05.09.2022 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.